

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 12.06.2003 **Tid:** 13.00 – 22.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 21 medlemmer møtte 21 , inkl. 5 varamenn

Desse medlemene møtte ikkje:

Jon Magne Bogevik
Margot Hisdal
Peder Johan Totland
Berit Hernes sak 12-13/03
Sigmund Dyrhovden

I staden møtte:

Arne Tverlid
Vidar Tveiterås
Anne Lønnebakken sak 12/03
Inge Aasgaard sak 12-13/03
Ivar Berland

Heidi Fossdal fekk permisjon etter handsaming av sak 17/03

Andre som var tilstade på møtet:

Adm.sjef Ramsli, Ass.adm.sjef Våge, Kommunekasserar Eikestad under skriv og meldingar, Kulturkonsulent Tysseland under sak: 15/03, Øyvind Haga under sakene 17 og 23/03

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 16.06.2003

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Det kom ein merknad frå Odd Lønnebakken om at det var sett opp alt for mange saker til handsaming. Det vart ikkje fremja framlegg om endringar.

Innkalling og sakliste vart godkjent med følgjande endring: sak 23/03 vert handsama etter sak 17/03.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent

UTVALET SITT KVARTER:

Øyvind Røen viste til samling med Bømlo og Fusa kommunar om utveksling av idear om modellar for økonomistyring og budsjetthandsaming, og stilte spørsmål om korleis me i Samnanger skulle arbeida vidare med desse tema.

Ordføraren ga tilbakemelding om at ho har sett føre seg at dei nyvalde politikarane burde få høve til å ta stilling til om dei ville arbeida med budsjettet etter dei modellane som vart presentert på seminaret.

Adm.sjefen orienterte om at det vert det nye kommunestyret si oppgåve å vedta budsjettet for 2004. Adminisstrasjonen skal leggje fram framlegg til budsjett innan 01.11. , noko som gjer at dei nyvalde politikarane vil ha høve til å arbeida med budsjettframlegget i heile november.

Ole Totland viste til tidlegare informasjon frå BiR om at ein kunne levera kartongar/papp saman med ordinær papirlevering. Dette har aldri vore fylgt opp, og han stilte spørsmål om det skuldast entreprenøren eller om det skuldast BiR. Adm.sjefen vil følgje opp saka ved å ta kontakt med BiR.

Inge Aasgaard stilte spørsmål om utval for oppvekst og omsorg hadde fullmakt til å fatta vedtak som inneber at Stolpane skulehus vart plassert på Ådland, i regi av private aktørar. Personellet på barneskulane som ville vera brukarar av Stolpane skulehus har reagert på vedtaket.

Adm.sjefen orienterte om at utvalet har fullmakt til å fatta nytt vedtak. Det tidlegare vedtaket var også fatta av eit utval og ikkje av kommunestyret, og utvalet er i sin fulle rett til å gjera om vedtaket sitt. Utvalet var gjennom sakshandsaminga og tilrådinga klar over kva som var administrasjonen sitt syn som samsvarar med dei reaksjonane som har kome i etterkant. Medlemmane i utvalet ga og tilbakemelding om kvifor vedtaket vart fatta, m.a. vart det vist til at kommunen m.a. pga. manglande midlar ikkje hadde gjort noko med saka sjølv om det er mange år sidan førre vedtak om flytting var fatta. Skrivet frå rektorane ville verta referert i utval for oppvekst og omsorg.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Ordførar oriterte om følgjande saker:

- Ambulansesituasjonen
- Skrotinnsamling vert arrangert i Raunekleiva 28.06.03.

Adm.sjefen orienterte om kva konsekvensar framlegg til revidert nasjonalbudsjett og kommuneøkonomiproposisjonen vil få for Samnanger kommune. Med den informasjonen som no ligg føre ser det ut som om det er små endringar for 2004 i høve til inneverande år. Men sidan ramma for skjønsmidlar er redusert, må me føresette at også Samnanger kommune får redusert ramma som fylgje av dette. Her kan det vera snakk om eit par hundre tusen. Staten ønskjer å prioritera arbeid med rus og psykiatri i storbyane. Finansiering av dette skal skje ved omfordeling mellom kommunane. Det inneber at Samnanger kommune får redusert

rammeoverføringane i løpet av 5 år med om lag 350.000. Skatteoverslaga er og redusert, m.a. fordi inngangen i inneverande år er føresett å verta lågare enn tidlegare rekna med. Staten kompenserar ikkje for skattetalet, sidan dette vert kompensert av rentenegangen. Ein annan viktig indikator er folketalet pr. 01.01. Utrekninga av ramma er difor mellombels fram til endelege innbyggjartal ligg føre. Korrigeringa skjer på bakgrunn av eigen folketalsutvikling målt i høve til landsgjennomsnittet. For 2003 fører redusert skatteinngang og reduksjon som følgje av folketalet til vel 450.000 kroner i mindre inntekter for Samnanger.

Budsjettkontroll 2003 frå einingane vart lagt ut til kommunestyret i møtet. Generelt er det eit auka trykk for ekstra ressursar i pleie og omsorg og ute på skulane. Utviklinga viser lavare skatteinngang enn føresett på landsbasis noko som er vist gjennom økonomimodellen som viser kommunen sitt rammetilskot. I tillegg er rammetilskotet til kommunen redusert som følgje av at kommunen har ein negativ folketalsutvikling i høve til landet. Det vert elles vist til vedlegg dagsett 12.06.03.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0012/03	00/00301 TRAFIKKSIKRING - PLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE ENDELEG VEDTAK
0013/03	03/00211 SKULEFRITIDSORDNINGA I SAMNANGER DRIFTSMODELL OG VEDTEKTER
0014/03	03/00211 BETALINGSSATSAR SKULEFRITIDSORDNINGA I SAMNANGER
0015/03	03/00142 BREIBAND I SAMNANGER - VAL AV LØYSING OG FINANSIERING
0016/03	03/00225 MARIENLUND -EVT. SAL AV EIGEDOMEN
0017/03	02/00382 EVT. GODKJENNING AV SAL AV KOMMUNAL EIGEDOM YTRE TYSSE
0018/03	03/00141 INTERKOMMUNALT SAMARBEID LANDBRUKSTENESTER FUSA, OS OG SAMNANGER
0019/03	03/00072 HANDLINGSPLAN FOR ELDREOMSORGA 2003 - 2007
0020/03	02/00135 ORGANISERING AV EIT NYTT STATLEG MATTILSYN.
0021/03	03/00008 TILLEGGSLØYVINGAR 2003. MURANE PÅ GJERDE SKULE, SLEKTSSOGE, GARDSBARNEHAGEN, LEGEKONTOR

0022/03

03/00223

FINANSREGLEMENT FOR SAMNANGER KOMMUNE

0023/03

02/00440

REGULERINGSPLAN, HELGATONA GNR. 24 BNR. 17.

0012/03

TRAFIKKSIKRING - PLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE ENDELEG VEDTAK

Framlegg til vedtak::

###Samnanger kommune vedtek trafikkisikringsplanen slik den ligg føre med følgjande merknader: RV7: Strekninga Gullbotn-Ådland - Utvide buss-stoppet i Beinavika. Aukande trafikk-kontrollar frå politiet, og utbetre sideareala langs RV7 for å hindre utforkøyningar. Uarbeide sjekklister for trafikkisikringstilhøve når kommunen handsamar planar, frådelingssaker og byggesakar.

Handsaming i møte:

Ap v/Ole Totland sette fram følgjande framlegg:”strakstiltak:

SR 01 Siktelinje mot Mørkhølsbrua

SR 02 Siktelinje mot Ådlands kyrkja

SR 06 Flytte 70-sone skiltet nærare fossen (ansvar vegvesenet) og gjere om til 60 sone.

SR 13 Siktelinje mot Norheimsund

Siktelinje bør haldast vedlike både på offentlege og private avkøyrslar i kommunen. Eigar av avkøyrsla har ansvaret for siktelinja.

Prioriterte tiltak:

LF 10: Fv 134 rensk og sikring av fjellskjæring på strekkja Langelandsbrua – Langeland. Elles utbetring av vegmurar og rekkverk på vegen.

LF 11: FV 133 manglar støypekant ved møteplass i Høysetergjelet. Låge støypekantar må hevast.

LR 20: Oppgradere lys i Haukanestunnelen.”

Bgl v/Idar Reistad: erstatta ”hindra” med....”for å redusera konsekvensar av utforkøyningar.”

Bgl v/Vigleik Tysseland: ”det bør vera ein utgang i rekkverket på oppsida av Liarostunnelen slik at folk som sykklar kjem ut att på riksvegen, etter å ha sykla på utsida av tunnelen.”

Sp /Røen:” Tillegg i planen for kortsiktige tiltak: Det vert laga gangfelt over RV 7 med kykja på Ådland. FV 135 Utskot: Manglande og dårleg rekkverk på Utskotvegen må utbetrast straks.”

Det vart røysta over dei innkomne framlegga, som vart samrøystes vedtekne. Til slutt vart det røysta over framlegget til PØ med dei vedtekne endringane. Alle slutta seg til dette framlegget.

Vedtak:

###Samnanger kommune vedtek trafikkisikringsplanen slik den ligg føre med følgjande merknader: RV7: Strekninga Gullbotn-Ådland - Utvide buss-stoppet i Beinavika.

Aukande trafikk-kontrollar frå politiet, og utbetre sideareala langs RV7 for å redusera konsekvensar av utforkøyningar. Uarbeide sjekklister for trafikkisikringstilhøve når kommunen handsamar planar, frådelingssaker og byggesakar.

SR 01 Siktelinje mot Mørkhølsbrua

SR 02 Siktelinje mot Ådlands kyrkja

SR 06 Flytte 70-sone skiltet nærare fossen (ansvar vegvesenet) og gjere om til 60 sone.

SR 13 Siktelinje mot Norheimsund

Siktelinje bør haldast vedlike både på offentlege og private avkøyrsløse i kommunen. Eigar av avkøyrsløse har ansvaret for siktelinja.

LF 10: Fv 134 rensk og sikring av fjellskjæring på strekkja Langlandsbrua – Langland. Elles utbetring av vegmurar og rekkverk på vegen.

LF 11: FV 133 manglar støypekant ved møteplass i Høysetergjelet. Låge støypekantar må hevast.

LR 20: Oppgradere lys i Haukanestunnelen.

Bgl v/Vigleik Tysseland: ”det bør vera ein utgang i rekkverket på oppsida av Liarostunnelen slik at folk som sykklar kjem ut att på riksvegen, etter å ha sykla på utsida av tunnelen.”

Sp /Røen:” Tillegg i planen for kortsiktige tiltak: Det vert laga gangfelt over RV 7 med kykja på Ådland. FV 135 Utskot: Manglande og dårleg rekkverk på Utskotvegen må utbedrast straks

0013/03

SKULEFRITIDSORDNINGA I SAMNANGER DRIFTSMODELL OG VEDTEKTER

Framlegg til vedtak::

####Samnanger kommune vedtek framlegg til vedtekter og driftsmodell for SFO slik dei ligg føre.

Handsaming i møte:

Anne lønnebakken gjekk ifrå under handsaminga av saka. Kommunestyret sitt tal er no 20 representantar.

Bgl v/Fossdal sette fram følgjande tillegg i tilrådinga: ”ordninga skal evaluerast etter eit år.”

Ap v/Øystese sette fram følgjande endringsframlegg:” Samnanger kommune godkjenner vedtekter for SFO slik dei ligg føre, med unntak av delar av ei setning i § 4.3. Plasstilbod: -eller samordna med barnehagen- vert strøken i vedtektene.

Ap og Bgl bad om gruppe møte.

Det vart først røysta over framlegg til vedtak og framlegget frå Øystese. Framlegg til vedtak vart vedteke med 11 mot 9 røyster.

Deretter vart det røysta over tilleggsframlegget til Fossdal, som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

####

Samnanger kommune vedtek framlegg til vedtekter og driftsmodell for SFO slik dei ligg føre. Ordninga skal evaluerast etter eit år.

0014/03

BETALINGSSATSAR SKULEFRITIDSORDNINGA I SAMNANGER

Framlegg til vedtak::

###

Oppholdstid per veke	Pris
28 t/veka (100 %)	1.600,- (som i dag) pr. mnd
22 t/veka	1.250,- pr. mnd
12,5 t/veka	713,- pr. mnd
8 t/veka	456,- pr. mnd
Kjøp av enkeltdag	150,- pr. dag
Kjøp av enkelttimar	50,- pr. t

I tillegg kjem kr. 155,- til mat i heiltidstilbod og kr. 75,- for enkeltdagar.

Satsen på kr 150,- pr. dag vert og gjort gjeldande for sommarferien 2003.

Handsaming i møte:

Berit Hernes tok no plass i kommunestyret og varamedlem Inge Aasgaard gjekk i frå møtet.

Bgl v/Fossdal sette fram følgjande endringsframlegg:”

Type tilbod	Pris
Heildagstilbod	1.600,- (som i dag) pr. mnd
Mat heildagstilbod	155,- pr. mnd
Mat enkeltdagar	75,- pr. mnd
Enkel morgon *	80,- pr. dag
Enkel ettermiddag tys-,tors-,fredag *	110,- pr. dag
Enkel mandag ettermiddag, heil onsdag*	150,- pr. dag
Enkle feriedagar *	150 pr. dag

*Dette tilbodet erstattar kjøp av enkle timar

Brukarane kan kjøpa fast SFO-tilbod frå 6 timar og oppover etter behov. Timepris kr. 14,25,-. Satsen på kr 150,- pr. dag vert og gjort gjeldande for sommarferien 2003.

Det vart røysta alternativt over framlegget til vedtak frå PØ og Fossdal sitt framlegg: Fossdal sitt framlegg fall med 5 mot 15 røystar.

Vedtak:

###

Oppholdstid per veke	Pris
28 t/veka (100 %)	1.600,- (som i dag) pr. mnd
22 t/veka	1.250,- pr. mnd
12,5 t/veka	713,- pr. mnd
8 t/veka	456,- pr. mnd
Kjøp av enkeltdag	150,- pr. dag
Kjøp av enkelttimar	50,- pr. t

I tillegg kjem kr. 155,- til mat i heiltidstilbod og kr. 75,- for enkeltdagar.

Satsen på kr 150,- pr. dag vert og gjort gjeldande for sommarferien 2003.

0015/03

BREIBAND I SAMNANGER - VAL AV LØYSING OG FINANSIERING**Framlegg til vedtak::**

###

Samnanger kommune inngår tingingar med BKK om utbygging av breiband både til kommunale institusjonar og til innbyggjarane. Det må arbeidast vidare for å få til løysingar for innbyggjarane som ikkje vert omfatta av utbygginga i denne omgang.

Det vert søkt Samnanger næringsforum om fullfinansiering av utbygginga.

I framtidige budsjett må det setjast av midlar til vidare utbygging.

Handsaming i møte:

Ap v/Solvang sette fram eit utsettingsframlegg. Ordføraren orienterte om retningsliner for slike framlegg. Framlegget må ha 50% fleirtal for å verte utsett.

10 røysta for utsetting og 10 røysta for handsaminga av saka. Sidan ordføraren røysta for handsaming av saka vert dette gjort gjeldande.

Saka vart handsama vidare.

Bygdalista og Senterpartiet fremja eit felles framlegg som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

###

Samnanger kommune inngår tingingar med BKK om utbygging av breiband både til kommunale institusjonar og til innbyggjarane. Den endelege avtalen må leggjast fram for kommunestyret for godkjenning. I sak som vert lagt fram må det og føreliggja ein plan med kostnadsoverslag for vidare utbygging. I den vidare utbygginga kan og andre leverandørar vera aktuelle.

Det vert søkt Samnanger næringsforum om fullfinansiering av utbygginga.

I framtidige budsjett må det setjast av midlar til vidare utbygging.

0016/03

MARIENLUND -EVT. SAL AV EIGEDOMEN**Framlegg til vedtak::**

###

”Marienlund” på Ytre Tysse vert lagt ut for sal. Salssummen skal øyremerkjast til ny bustad.

Salet vert administrert av eigen administrasjon.

Handsaming i møte:

Arbeiderpartiet sette fram slikt tillegg og endring av framlegg til vedtak som vart samrøystes vedteke:

Salssummen skal øyremerkjast til ny legebustad. Sak ang. ny legebustad skal fremmast for kommunestyre. Salet vert administrert av eigen administrasjon.

Vedtak:

###

”Marienlund” på Ytre Tysse vert lagt ut for sal. Salssummen skal øyremerkjast til ny legebustad. Sak ang. ny legebustad skal fremmast for kommunestyre. Salet vert administrert av eigen administrasjon.

0017/03

EVT. GODKJENNING AV SAL AV KOMMUNAL EIGEDOM YTRE TYSSE

Handsaming i møte:

Ordførar orienterte om dei siste drøftingane med H. Hadeland.

Det vart drøfta kva føringar kommunen burde få med i ein avtale. M.a. vart spørsmålet om korleis kommunen kunne sikra at det vert føreteke opprusting av bygningane og at det vert drive handel/næringsverksemd i området sentrale i drøftingane.

Kommunestyret var samd i at tingingane skulle halda fram, og det vart gitt fullmakter til tingingsutvalet.

Vedtak:

###

Kommunestyret gir tingingsutvalet fullmakt til å gå vidare med tingingane med firmaet H. Hadeland om overdraging av delar av kommunal eigedom på Ytre Tysse.

0018/03

**INTERKOMMUNALT SAMARBEID LANDBRUKSTENESTER
FUSA, OS OG SAMNANGER**

Med bakgrunn i at det ikkje ligg føre uttale frå Bondelaget vart saka oversendt frå naturutvalet til kommunestyret utan tilråding.

Handsaming i møte:

Heidi Fossdal fekk permisjon frå møtet og gjekk frå møtet før handsaming av saka.

I møtet vart det lagt fram uttale frå Samnanger Bondelag og frå fylkesmannen i Hordaland.

Senterpartiet la fram slikt framlegg:

Samarbeid om landbrukstenester må sjåast i samanheng med interkommunalt samarbeid på andre område. Ei sak om dette vert lagt fram for det nye kommunestyret.

Berit Hernes sette fram slikt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune meiner tilhøva ligg godt til rette for samordning av landbrukstenestene i Fusa og Os og Samnanger og rår til at tenesta vert organisert i eit regionalt landbrukskontor etter alternativ 2. Det må utarbeidast ein tydeleg avtale mellom deltakarkommunane med omsyn til rapporteringslinjer og fordeling av ansvar, rollar og kostnader. Faste kontordagar må det verta i Samnanger.

Det vart røysta alternativt over dei to framlegga. Framlegget frå Berit Hernes vart vedteke med 16 mot 3 røyster.

Vedtak:

Samnanger kommune meiner tilhøva ligg godt til rette for samordning av landbrukstenestene i Fusa og Os og Samnanger og rår til at tenesta vert organisert i eit regionalt landbrukskontor etter alternativ 2. Det må utarbeidast ein tydeleg avtale mellom deltakarkommunane med omsyn til rapporteringslinjer og fordeling av ansvar, rollar og kostnader. Faste kontordagar må det verta i Samnanger.

0019/03

HANDLINGSPLAN FOR ELDREOMSORGA 2003 - 2007

Framlegg til vedtak::

###Handlingsplan for eldreomsorga 2003-07 vert samrøystes vedteken med nytt 5.3.1:

Institusjon og open omsorg :

Det må arbeidast med eit nærare samarbeid mellom institusjonen og open omsorg. Føremålet vil vera å oppnå eit betre samarbeid av tenesta. Personalet vil få ein meir variert arbeidskvardag og høve til å kunne fylgja opp brukarar som nyttar både institusjon og open omsorg.

Handsaming i møte:

Pga. tidsnaud vart denne saka utsett til neste møte.

Vedtak:

Saka vert utsett til neste møte.

0020/03

ORGANISERING AV EIT NYTT STATLEG MATTILSYN.

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune er best tent med å vera knytt til lokalkontoret i Bergen, alternativ 2 i framlegg frå prosjektgruppa. Sidan Samnanger kommune innan fleire område samarbeider tett

med Fusa kommune, vil det vera ein føremon at også denne kommune får tenestene frå Mattilsynet frå Bergenskontoret.

Voss som lokalkontor for Samnanger er heilt uaktuelt, m.a. ut frå dagens samarabeidsstruktur og reisemønster.

Handsaming i møte:

Arbeiderpartiet sette fram eit framlegg som vart vedteke mot 2 røyster. Mindretalet røysta for framlegg til vedtak.

Vedtak:

Samnanger kommune er best tent med å vera knytt til lokalkontoret i Norheimsund, alternativ 3 i framlegg frå prosjektgruppa.

0021/03

TILLEGGSLØYVINGAR 2003.

MURANE PÅ GJERDE SKULE, SLEKTSSOGE, GARDSBARNEHAGEN, LEGEKONTOR

Framlegg til vedtak::

###

Det vert føreteke fylgjande budsjettjusteringar:

Konto nr. 1.2000.2013.3700 Tilskot privat barnehage	kr 46.000
Konto nr. 1.1602.2221.2300 Gjerde skule vert auka med	kr 40.000
Konto nr. 1.1500.3853.4700 (ny konto) Slektssoge vert auka med	kr 30.000
Konto nr. 1.3002.2410.0101 Legekontor vert auka med	kr 57.000
Konto nr. 1.1200.1800.4900 Tilleggsloøyving vert sett ned med	kr 173.000

Handsaming i møte:

Kommunestyret slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

###

Det vert føreteke fylgjande budsjettjusteringar:

Konto nr. 1.2000.2013.3700 Tilskot privat barnehage	kr 46.000
Konto nr. 1.1602.2221.2300 Gjerde skule vert auka med	kr 40.000
Konto nr. 1.1500.3853.4700 (ny konto) Slektssoge vert auka med	kr 30.000
Konto nr. 1.3002.2410.0101 Legekontor vert auka med	<u>kr 57.000</u>
Konto nr. 1.1200.1800.4900 Tilleggsloøyving vert sett ned med	kr 173.000

0022/03

FINANSREGLEMENT FOR SAMNANGER KOMMUNE

Framlegg til vedtak::

###

Framlegg til finansreglement slik det går fram av saksutgreiinga vert vedteke.

Handsaming i møte:

Kommunestyret slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

###

Framlegg til finansreglement slik det går fram av saksutgreiinga vert vedteke.

0023/03

REGULERINGSPLAN, HELGATONA GNR. 24 BNR. 17.

Framlegg til vedtak::

Naturutvalet lagar tilråding til Kommunestyret

Handsaming i møte:

Arne Tverlid som onkel til ein av naboane til den aktuelle eigedomen som planen omfattar ba om å få vera erklært ugild ved handsaminga av saka. Kommunestyret sa seg samd i det. Arvid Tysse tok plass i staden for han.

I møtet vart det orientert om at det var aktuelt å ta ein del av arealet til tomt 10 å legge det til tomt 1 i reguleringsplan for Lønnebakken. Dette vil verta handsama som ei mindre justering av planen på første møtet i naturutvalet.

Kommunestyret vedtok samrøystes tilrådinga frå naturutvalet.

Vedtak:

Reguleringsplanen for Helgatonas dagsett med føresegner dagsett vert samrøystes vedteke.